



Avisene i Møre og Romsdal fylke samt
Fylkeskommune, statsforvaltar og Volda kommune

Molde, 21 feb. 2024

PRESSEMELDING

Turparkeringsavgifta på Reset i Volda kommune er ulovleg.

FNF Møre og Romsdal bryr seg også om ålmenta sine rettar samt gratisprinsippet i vår unike friluftslov. Vi har i dei seinaste åra observert at det blir meir og meir avgiftsparkering ved startpunkter for turstier og skiløyper i fylket vårt. FNF Møre og Romsdal har til hensikt å følgje opp avgiftene ved turparkeringane i fylket. Dette då vi ønskjer at parkeringa ideelt sett skal vere gratis, sekundært må det vere ei lavast mogeg lovleg avgift som er heimla i friluftslova og parkeringsforskrifta.

I uttale om turparkeringsavgifta på Reset av 26 sept. 2023 har Statsforvaltaren i Møre og Romsdal mellom anna sagt; «Av friluftslova §24 går det fram at for behandling av saker etter §14 gjeld reglane om enkeltvedtak i forvaltningslovas kapittel IV, V og VI. Kommunen må altså fatte eit enkeltvedtak om betalingsordninga som skal oppfylle krava knytt til varsling, utgreiings- og informasjonsplikt, grunngiving, underretning, samt gje klagerett. Det er ikkje tilstrekkeleg med ein avtale mellom Volda kommune og Volda skisenter. Vi kan ikkje sjå at Volda kommune har fatta eit vedtak som oppfyller kravet til friluftslova § 14. For at betalinga skal bli lovleg må difor kommunen fatte eit slikt vedtak.»

FNF Møre og Romsdal har no ved korrespondanse med Volda kommune fått stadfesta at kommunen enno ikkje har fatta eit vedtak om parkeringsavgift på Reset i tråd med friluftslova – med andre ord er det ikkje heimel å ta parkeringsavgift på Reset slik stoda er no.